

# Sak til Områdeutvala

---

Går til:	Medlemmane i utvala
Dato:	15.nov 2022
Sakshandsamar:	SSE
Saka gjeld:	Namn på Helsefellesskapet
Saksnummer:	11/22

---

## Bakgrunn

Den 16.sep var det felles oppstartsseminar for Helsefellesskapet i Helse Bergen føretaksområde. Undervegs i møtet ble det stilt spørsmål til alle deltakarane kva Helsefellesskapet i Helse Bergen føretaksområde bør heita? Det var mogleg å spela inn forslag gjennom dagen (digital løysing). Nedanfor følgjer ei oversikt over kva forslag som kom inn:

- Helsefellesskap i Vest x 2
- Helsefellesskap Bergens regionen x 2
- Helsefellesskap Bergen og omegn
- Helsefellesskap Bergen
- Helsefellesskapet Byland Vest
- Helsefellesskapet «saman om pasienten»
- HelseFellesskapet
- Vestland helsefellesskap
- Saman Vest
- Saman for betre helse
- Betre helse saman
- Helse Best helsefellesskap
- Helse - til felles beste
- Heilskap Helse Bergen
- Heilskap helse Bergen, Voss og Nordhordland
- Fellesskap «For pasienten sitt beste»
- HF SMIL (Samarbeid, Medverknad, inspirasjon og løysingar)
- Knut`n
- Paraplyen

Her følgjer nokre døme på namn på andre helsefellesskap i andre deler av landet:

- Helsefellesskapet i Troms og Ofoten
- Helsefellesskapet Sør-Rogaland
- Sogn og Fjordane helsefellesskap
- Helsefellesskapet i Østfold
- Helsefellesskapet i Vestfold
- Helsefellesskapet Innlandet

Det er ikkje gitt nokre sentrale føringa på kva namnet på Helsefellesskapet bør/må innehalda (td. geografisk tilhøyrse).

### Spørsmål til dialog

- kva faktorar bør vektleggast med omsyn til å fastsetja namn på helsefellesskapet?
- har de eit føretrukke namneforslag (frå lista eller nytt forslag)?
  - kvifor vil det løfta fram dette forslaget?